

| | |
|---------------------------------|---|
| Namn på studieprogrammet | Masterprogram i barnevern. |
| Namn på grad | Master i barnevern. |
| Studiepoeng | Masterprogrammet i barnevern har eit omfang på 120 studiepoeng, normert til 2 år. |
| Fulltid/deltid | Fulltid. |
| Undervisningsspråk | Undervisninga vil i hovudsak vere på norsk. Somme førelesningar har engelsk som undervisningsspråk som i dei valfrie emna. MABARN316, HEFR342 |
| Oppstartssesemester | Haust |
| Målsetjing og innhald | Masterprogram i barnevern skal bidra til å sikre samfunnet sitt behov for eit kunnskapsbasert barnevern gjennom å utdanne kandidatar som kan tileigne seg, vurdere, integrere og bruke forskingsbasert kunnskap, samt kunne nærme seg praksisfeltet på ein fagleg, analytisk og reflektert måte. Studiet dannar også eit rekrutteringsgrunnlag for framtidige Phd-kandidatar. |
| Læringsutbytte | <p>Kandidatar skal ved avslutta program ha følgjande læringsutbytte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</p> <p><i>Kunnskapar:</i> Kandidaten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • har god kunnskap om utsette barn og familiar sine livsvilkår og velferd • har utdjupande kunnskap om teori og forskning knytt til omsorgsutøving og barn si utvikling • har inngåande kunnskap om verdiar, modellar og ulike metodar for undersøkings- og avgjerdsarbeid i barnevernet • har utdjupande kunnskap om risiko, beskyttande faktorar og resiliens • har god kunnskap om forskning knytt til evaluering og implementering av tiltak i barnevernet • har utdjupande kunnskap om samfunnsvitskaplege metodar og etiske retningslinjer for innhenting av data og presentasjon av forskingsresultat • har god kunnskap om faktorar som hemmar og fremjar tverrfagleg samarbeid mellom ulike tenester for utsette barn • har inngåande kunnskap om sentrale menneskerettskonvensjonar og Barnekonvensjonen spesielt, samt kva desse har å seie for barn i barnevernet og barnevernet sitt arbeid <p><i>Ferdigheiter:</i> Kandidaten...</p> |

| | | | | |
|--|---|--|---|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> • kan kritisk reflektere over, og analysere mandatet til barnevernet, og kva rolle og funksjon det har i samfunnet • kan analysere barn og familiar sine risikofaktorar og ressursar i eit sosialøkologisk perspektiv • har god informasjonskompetanse, under dette kunne søkje, vurdere, kritisk reflektere over og bruke vitenskapleg litteratur og forskning av relevans for barnevernet • kan analysere, kritisk reflektere over og bruke kunnskapsbaserte modellar og metodar for samtalar med barn og unge i barnevernet • kan forstå og kritisk reflektere over sentrale teoriar og omgrep innanfor evaluerings- og implementeringsforskning, og kunne analysere barnevernet sitt tiltaksarbeid i lys av dette • har utdjupande kunnskap om kvalitativ eller kvantitativ metode, kan analysere data og rapportere funn innanfor metoden som er vald som fordjuping • kan gjere eit sjølvstendig forskingsarbeid under rettleiing <p><i>Generell kompetanse:</i> Kandidaten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan forstå og reflektere over barn, barndom og foreldreskap i ulike samfunn og kontekstar, samt kunne bruke denne kunnskapen i ein barnevernfagleg samanheng • har evne til å kunne diskutere komplekse etiske utfordringar knytt til eiga profesjonsutøving • har inngående kunnskap om og kan kritisk reflektere over forskingsmetodar, forskingsdesign, kunnskapsproduksjon, forskningsetikk, rapportering og vitenskapleg framstilling | | | |
| <p>Opptakskrav</p> | <p>Bachelorgrad i barnevern, sosialt arbeid/sosionom eller vernepleie, nærliggjande profesjonsutdanningar eller psykologi/samfunnsvitenskap.</p> <p>Relevante andre profesjonsutdanningar er til dømes førskolelærer, lærar og sjukepleiar. Bachelorgraden/profesjonsutdanninga må innehalde minimum 90 studiepoeng spesialisering i sosial-, helse- eller pedagogisk utdanning, psykologi, barne- og familierett, sosialantropologi eller sosiologi.</p> <p>Gjennomsnittskarakter C eller betre.</p> | | | |
| <p>Obligatoriske emne</p> | <table border="1" style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <tr> <td style="width: 25%; padding: 5px;"> <p>4. semester Vår 2017</p> </td> <td rowspan="2" style="padding: 5px;"> <p>MABARN351 Masteroppgåve (60 stp.)</p> </td> </tr> <tr> <td style="padding: 5px;"> <p>3. semester Haust 2016</p> </td> </tr> </table> | <p>4. semester Vår 2017</p> | <p>MABARN351 Masteroppgåve (60 stp.)</p> | <p>3. semester Haust 2016</p> |
| <p>4. semester Vår 2017</p> | <p>MABARN351 Masteroppgåve (60 stp.)</p> | | | |
| <p>3. semester Haust 2016</p> | | | | |

| | | | | | | |
|--------------------------------------|--|--------------------------------|---|----------------------|----------------------------------|---|
| | <table border="1"> <tr> <td>2. semester Vår 2016</td> <td> METODE2 Fordjuping i metode, etikk og prosjektplan (10 stp.) MABARN312 Tiltak i barnevernet, implementering og evaluering (10 stp.) </td> <td rowspan="2">Valfritt emne</td> </tr> <tr> <td>1. semester Haust 2015</td> <td> MABARN315 Barnet som aktør (10 stp.) MABARN314 Omsorgsutøving, utvikling til barn og avgjerder i barnevernet (10 stp.) </td> </tr> </table> | 2. semester Vår 2016 | METODE2 Fordjuping i metode, etikk og prosjektplan (10 stp.) MABARN312 Tiltak i barnevernet, implementering og evaluering (10 stp.) | Valfritt emne | 1. semester Haust 2015 | MABARN315 Barnet som aktør (10 stp.) MABARN314 Omsorgsutøving, utvikling til barn og avgjerder i barnevernet (10 stp.) |
| 2. semester Vår 2016 | METODE2 Fordjuping i metode, etikk og prosjektplan (10 stp.) MABARN312 Tiltak i barnevernet, implementering og evaluering (10 stp.) | Valfritt emne | | | | |
| 1. semester Haust 2015 | MABARN315 Barnet som aktør (10 stp.) MABARN314 Omsorgsutøving, utvikling til barn og avgjerder i barnevernet (10 stp.) | | | | | |
| Tilrådde valemne | <p>MABARN316: Childhood and parenting in diverse contexts (10 stp.).</p> <p>HEFR342: Resource approaches to health and well-being (10 stp.).</p> <p>Kandidaten skal velje eit emne.</p> | | | | | |
| Rekkefølge for emne i studiet | <p>Rekkefølga vil normalt vere: MABARN314, MABARN 315, HABA301, valfritt emne, MABARN 312 og HABA302. Emna skal vere gjennomførte og bestått før ein byrjar på MABARN 351.</p> | | | | | |
| Studieopphald i utlandet | | | | | | |
| Undervisningsmetodar | <p>Det blir skipa samlingar med førelesingar og seminar. I tillegg krevjast det stor grad av eigenaktivitet mellom samlingane. Det er venta at studentane set seg inn i relevant litteratur. Det blir lagt vekt på studentaktive læringsformer. Arbeid med skriftlege oppgåver inngår som ei viktig læringsform. Det blir også brukt IKT-baserte verktøy.</p> | | | | | |
| Vurderingsformer | <p>Det er eit mål at studentane skal få erfaring med ulike vurderingsformer, t.d. heimeeksamen, mappevurdering, emneoppgåver, framlegg/presentasjonar, munnleg eksamen og eventuelt skriftleg skoleeksamen.</p> <p>For alle skriftlege innleveringar og eksamenar brukar ein tekstgjenkjenningssystemet Ephorus. Reglane i Universitetslova gjeld ved mistanke om fusk.</p> | | | | | |
| Litteraturliste | <p>Litteraturlista finn ein på heimesidene til Universitetet i Bergen. Lista vil vere klar 01.06. /01.01. for det komande semesteret.</p> | | | | | |
| Karakterskala | <p>Den internasjonale karakterskalaen, A (glimrande) – F (ikkje bestått).</p> | | | | | |
| Vitnemål og vitnemålstillegg | <p>Vitnemål blir skrivne ut etter at graden er fullført.</p> | | | | | |

| | |
|-----------------------------------|--|
| Tilgang til vidare studium | Fullført mastergrad gjev høve til å søkje opptak på PhD-program. |
| Relevans for yrkesliv | Studiet er særleg relevant for stillingar med ansvar knytt til utøving, organisering, utvikling, evaluering og kvalitetssikring av oppgåvene til barnevernet, samt leiarstillingar på ulike nivå i kommunalt, statleg og privat barnevern. Studiet kvalifiserer også for faglege og administrative stillingar i tilliggjande fagfelt, der kompetanse om og tiltak for utsette barn og familiar står sentralt. |
| Evaluering | Masterprogrammet blir kontinuerleg evaluert av ekstern programsensor, i tråd med retningslinjene for kvalitetssikring ved UiB. For perioden 2012 til 2016 er Professor Ingrid Højer, Universitetet i Gøteborg, Institutt for Sosialt arbeid oppnemnt som ekstern programsensor. I tillegg skal studentane evaluere dei einiskilde emna i tråd med UiB og Det psykologiske fakultetet sitt kvalitetssikringssystem. |
| Programansvarleg | Det psykologiske fakultet, HEMIL-senteret. |
| Kontaktinformasjon | Det psykologiske fakultet. Informasjonssenteret: studierettleiar.psyfa@uib.no Tlf. 55 58 27 10 |

| | |
|----------------------------------|---|
| Emnekode | MABARN314 |
| Namn på emnet | Omsorgsutøving, utvikling til barn og avgjerder i barnevernet. |
| Studiepoeng, omfang | 10 studiepoeng. |
| Studienivå (studiesyklus) | Master. |
| Fulltid/deltid | Fulltid. |
| Undervisningsspråk | Norsk, somme førelesingar kan vere på engelsk. |
| Undervisningssemester | Haust |
| Mål og innhald | Emnet skal gje studentane utdjupande kunnskap om forskning og teori knytt til omsorgsutøving og utvikling til barn. Vidare har emnet eit særleg fokus på undersøkingar og avgjerder i barnevernet. Emnet skal også gje studentane gode ferdigheiter i oppgaveskriving. |
| Læringsutbyte | <p><i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i></p> <p><i>Kunnskapar:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • har god innsikt i kjelder til kunnskapsbasert praksis i barnevernet • har inngåande kunnskap om sosialøkologiske perspektiv og kva dei har å seie for foreldreskap, helse og utvikling til barn • har god innsikt i teori og forskning om barn med særleg vekt på risiko, beskyttande faktorar og resiliens • har omfattande kunnskap om teori og forskning knytt til omsorgsutøving, modellar for omsorgsvurderingar, undersøkingar og avgjerder i barnevernet • har utdjupande kunnskap om barn og familiar sine samansette vanskar og kva innsats på fleire arenaar (t.d. innan helse-, barnehage- og skolesektoren) har å seie • har god kunnskap om retningslinjene for akademisk reieleg arbeid i skriftlege arbeide til universitetet <p><i>Ferdigheiter:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan analysere barn og foreldre sine risikofaktorar og |

| | |
|---|---|
| | <p>ressursar i eit sosialøkologisk perspektiv</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan analysere og kritisk reflektere over retningslinjer, prinsipp og ulike metodar for barnevernet sitt undersøkings- og avgjerdsarbeid • kan skrive akademiske oppgåver om barnevernfaglege tema og sitere kjelder på ein korrekt og etisk måte <p><i>Generell kompetanse:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan reflektere kritisk over dei dilemma som kan oppstå som følgje av barnevernet sitt samansette mandat og verdigrunnlag og kva dette kan ha å seie for utforming av ein profesjonell rolle, for avgjerdsevne og handlingskompetanse |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |
| Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program? | Emnet er ope for alle med studierett på masterprogrammet i barnevern. |
| Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning | Undervisninga er samlingsbasert og vil skje på to/tre samlingar à to/tre dagar. Det blir til saman gjeve 18 førelesingstimar og 12 timar seminar/gruppeorganisert undervisning. I tillegg vil det bli gjeve rettleiing (i gruppe og/eller individuelt) på skriftlege oppgåver. Det er venta at studenten set seg inn i relevant litteratur og arbeider aktivt med skriftlege oppgåver. Det blir lagt vekt på prosessorientert skrivning med kommentering av medstudent/lærar og IKT-basert læringsstøtte. |
| Obligatorisk undervisningsaktivitet | Ingen. |
| Vurderingsformer | <p>Individuell mappevurdering.</p> <p>2 skriftlege oppgåver knytte til læringsmålet til emnet inngår i mappa. Ein arbeider med oppgåvene undervegs i emnet.</p> <p>Talet på ord: 2250 på kvar oppgåve (litteraturliste ikkje inkl.).</p> <p>Det blir gjeve <u>ein samla</u> karakter på mappa.</p> |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet brukast karakterskalaen A til F. |
| Vurderingssemester | Haust |

| | |
|---------------------------------|---|
| Litteraturliste | <p>Kjernelitteraturen på kurset utgjør ca. 1000 sider.</p> <p>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret.</p> <p>Norsk og engelskspråkleg litteratur.</p> |
| Emneevaluering | <p>Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med UiB og Det psykologiske fakultetet sitt kvalitetssikringssystem.</p> |
| Emneansvarleg | <p>HEMIL-senteret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og emnet.</p> |
| Administrativt ansvarleg | <p>Det psykologiske fakultet v/ HEMIL-senteret har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet.</p> |
| Kontaktinformasjon | <p>Informasjonssenteret: studierettleiar.psyfa@uib.no</p> <p>Tlf. 55 58 27 10</p> |

| | |
|----------------------------------|--|
| Emnekode | MABARN315 |
| Namn på emnet | Barnet som aktør. |
| Studiepoeng, omfang | 10 studiepoeng. |
| Studienivå (studiesyklus) | Master. |
| Fulltid/deltid | Fulltid. |
| Undervisningsspråk | Norsk, somme førelesingar kan vere på engelsk. |
| Undervisningssemester | Haust |
| Mål og innhald | <p>Emnet er todelt og skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gje god kunnskap om menneskerettar, med eit særleg fokus på Barnekonvensjonen og rettane til barn. Det blir særleg fokusert på kva barn sin noverade rettslege posisjon har å seie for det offentlege sin posisjon, og barneverntenesta sitt ansvar for utsette barn spesielt. • Gje god kunnskap om og forståing for kunnskapsbaserte modellar og metodar for samtalar med barn og unge i barnevernet. Emnet har vidare fokus på metodisk utvikling gjennom videoøvingar og analyse av barnesamtalar. |
| Læringsutbyte | <p><i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i></p> <p><i>Kunnskapar:</i> Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • har god kunnskap om aktuelle internasjonale og regionale konvensjonar og føresegner som har noko å seie for barn generelt og inngåande kunnskap om Barnekonvensjonen spesielt, samt tilhøvet til nasjonalt lovverk • har utdjupande kunnskap om statusen til barn som rettsberar i Noreg, med eit særleg fokus på barn si rett til deltaking i avgjerder som vedgår dei • har inngåande kunnskap om og innsikt i det kunnskapsbaserte grunnlaget for sentrale metodar og modellar for samtalar med barn og unge i barnevernet • har god kunnskap om vitenskaplege databasar og strategiar for litteratursøk <p><i>Ferdigheiter:</i> Studenten...</p> |

| | |
|---|---|
| | <ul style="list-style-type: none"> • kan identifisere og analysere viktige problemstillingar knytte til verkeleggjering av barn sine rettar i ein barnevernsamanheng • kan planleggje ein barnesamtale samt bruke og tilpasse bruk av høvelege metodiske ferdigheiter i samtalar med barn eller unge • kan identifisere, kommunisere, samt kritisk reflektere rundt utviklingspsykologiske, etiske og metodiske dilemma knytte til planlegging og gjennomføring av samtalar med barn og unge i barnevernet • kan bruke og søkje i ressursane til universitetsbiblioteket, og kritisk vurdere vitenskapleg litteratur innan fagområdet til barnevernet <p><i>Generell kompetanse:</i> Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan kommunisere kva barn sin nye rettslege posisjon har å seie for det offentlege sitt ansvar for utsette barn samt føringar dette gjev for barnevernet sitt arbeid • kan vurdere og kritisk diskutere kva eit rettsperspektiv har å seie for barnet sin posisjon og høveleg hjelp i ein barnevernsamanheng • kan kommunisere kor viktig det er å snakke med barn på ulike nivå i ei barnevernssak • kan gje barnesamtalen eit innhald som er tilpassa barnevernssaka sin karakter og kvart einskild barn sine føresetnader og behov |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |
| Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program? | Emnet er ope for alle med studierett på masterprogrammet i barnevern. |
| Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning | Undervisninga vil skje på to/tre samlingar á to/tre dagar. Det blir til saman gjeve 24 førelesingstimar og 10 timar seminar/gruppeorganisert undervisning. I tillegg blir det gjeve individuell og/eller gruppebasert rettleiing på skriftleg oppgåve. Det er venta at studentane set seg inn i relevant litteratur og arbeider aktivt med oppgåver knytte til temaet for emnet. IKT-basert læringsstøtte. |
| Obligatorisk undervisningsaktivitet | Studenten skal ta videoopptak av ein barnesamtale, som blir gjennomgått og analysert i ei mindre gruppe med medstudentar og lærar. |
| Vurderingsformer | Ei skriftleg emneoppgåve knytt til temaemnet. Talet på ord: 4000 ord (litteraturliste ikkje inkl.). |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet brukar ein karakterskalaen A til F. |

| | |
|---------------------------------|---|
| Vurderingssemester | Haust |
| Litteraturliste | Kjernelitteraturen for kurset utgjer ca. 1000 s. Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret. Norsk og engelskspråkleg litteratur. |
| Emneevaluering | Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med UiB og Det psykologiske fakultetet sitt kvalitetssikringssystem. |
| Emneansvarleg | HEMIL-senteret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og emnet. |
| Administrativt-ansvarleg | Det psykologiske fakultet v/ HEMIL-senteret har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet. |
| Kontaktinformasjon | Informasjonssenteret: studierettleiar.psyfa@uib.no Tlf. 55 58 27 10 |

| | |
|----------------------------------|--|
| Emnekode | HABA301 |
| Namn på emnet | Vitskapsteori og metode. |
| Studiepoeng, omfang | 10 studiepoeng. |
| Studienivå (studiesyklus) | Master |
| Fulltid/deltid | Fulltid |
| Undervisningsspråk | Norsk, somme førelesingar kan vere på engelsk. |
| Undervisningssemester | Haust |
| Mål og innhald | Emnet skal gje studenten god kunnskap om vitskapsteori, kvalitativ og kvantitativ metode samt mixed methods. |
| Læringsutbyte | <p><i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i></p> <p><i>Kunnskapar:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • har god kunnskap om og kan kritisk vurdere ulike vitskapsteoretiske utgangspunkt og paradigme og kva dette har å seie for metodiske framgangsmåtar og rolla til forskaren • har inngåande kunnskap om kvalitativ og kvantitativ metode samt mixed methods • har god kunnskap om ulike typar kvalitative og kvantitative forskingsdesign og datakjelder • har god kunnskap om prinsipp for kvalitativ og kvantitativ analyse <p><i>Ferdigheiter:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan beskrive og vurdere krav til vitskapleg kunnskap • kan grunngje val av forskningstema, utforme problemstillingar og identifisere eigna forskingsmetodar • kan drøfte sentrale metodiske omgrep for kvalitet innan kvalitativ og kvantitativ forskning <p><i>Generell kompetanse:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan reflektere over og kommunisere sterke og svake |

| | |
|---|---|
| | <p>sider ved kvalitativ og kvantitativ metode</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan vurdere vitenskaplege studium og litteratur frå relevante fagområde på ein kritisk, analytisk og systematisk måte • kan vurdere kor høveleg det er med kunnskapsbidrag frå kvalitativ og kvantitativ forskning for eige fagfelt |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |
| Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program? | Emnet er ope for alle med studierett på masterprogrammet i barnevern og helsefremjande arbeid og helsepsykologi. |
| Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning | <p>Undervisninga er samlingsbasert, og skjer på to/tre samlingar à to/tre dagar. Det blir til saman gjeve 18 førelesingstimar og 12 timar seminar/gruppeorganisert undervisning. I tillegg kjem individuell og/eller gruppetilbakemelding på øvingsoppgåver, sjølvstudium og studenten sitt eige arbeid med oppgåver.</p> <p>Det er venta at studentane set seg inn i relevant litteratur og arbeider aktivt i grupper.</p> |
| Obligatorisk undervisningsaktivitet | 3 øvingsoppgåver knytte til læringsmålet for emnet. Talet på ord: 1200 på oppgåve (litteraturliste ikkje inkl.). |
| Vurderingsformer | Heimeeksamen, 5 dagar. Talet på ord: 3000 (litteraturliste ikkje inkl.). |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet brukar ein karakterskalaen A til F. |
| Vurderingssemester | <p>Haust</p> <p>Det blir tilbyde eksamen i påfølgjande, undervisningsfrie semester. Studenten må ha bestått alle obligatoriske arbeidskrav i undervisningssemesteret.</p> |
| Litteraturliste | <p>Kjernelitteraturen for emnet utgjer ca. 1000 s.</p> <p>Litteraturlista vil vere klar innan 01.06. for haustsemesteret.</p> <p>Norsk og engelskspråkleg litteratur.</p> |
| Emneevaluering | Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med UiB og Det psykologiske fakultetet sitt kvalitetssikringssystem. |
| Emneansvarleg | HEMIL-senteret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og emnet. |

| | |
|---------------------------------|--|
| Administrativt-ansvarleg | Det psykologiske fakultet v/ HEMIL-senteret har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet. |
| Kontaktinformasjon | Informasjonssenteret: studierettleiar.psyfa@uib.no Tlf. 55 58 27 10 |

| | |
|----------------------------------|---|
| Emnekode | MABARN312 |
| Namn på emnet | Tiltak i barnevernet, evaluering og implementering. |
| Studiepoeng, omfang | 10 studiepoeng. |
| Studienivå (studiesyklus) | Master. |
| Fulltid/deltid | Fulltid. |
| Undervisningsspråk | Norsk, somme førelesingar kan vere på engelsk. |
| Undervisningssemester | Vår |
| Mål og innhald | Emnet skal gje studentane auka kunnskap om og refleksjon rundt barnevernet sine tiltak med hovudfokus på evaluering og implementering. Ulike metodar for å vurdere kvaliteten av tiltak vil bli gjennomgått med relevans for ulike praksisfelt i barnevernet. Vidare skal emnet gje studentane kunnskap om å planleggje og å gjennomføre evaluering av tiltak i barnevernet. Forståinga for og kunnskapar om tema som kartleggingsverktøy, implementeringsdrivarar og tverrfagleg samarbeid er sentralt. Evalueringsstudium med relevans for barnevernsfeltet vil bli brukt i undervisninga. |
| Læringsutbyte | <p><i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i></p> <p><i>Kunnskap:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • har inngåande kunnskap om sentrale omgrep, samt metodar innan evaluerings- og implementeringsforskning • har utdjupande kunnskap om samanhengen mellom målgruppe, føremål, tiltak og resultat av igangsetjing av barnevernstiltak • har inngåande kunnskap om sentrale implementerings- og evalueringsstudium med relevans for barnevernsfeltet • har god kunnskap om faktorar som hemmar og fremjar tverrfagleg samarbeid |

| | |
|---|--|
| | <p><i>Ferdigheiter:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan bruke og vurdere kartleggingsverktøy knytt til barnevernet sitt tiltaksarbeid • kan bruke kunnskapsdatabasar og kunnskapsstatusar som er relevante for barnevernet sitt tiltaksarbeid • kan planleggje og gjennomføre systematiske evalueringar av tiltak i barnevernet • kan tolke resultat og vurdere validitet i konklusjonar frå studium med evalueringsdesign, med særleg vekt på effektstudium <p><i>Generell kompetanse:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan kritisk reflektere over samanhengen mellom teori og forskning i iverksetjing av tiltak • kan reflektere over internasjonal spreing av intervensjonar og tilpassingar til einskilde målgrupper med fokus på etniske minoritetsgrupper • kan bruke evalueringsresultat i utviklinga av eigen praksis • kan kritisk reflektere over implementering og kva denne har å seie for å oppnå effektar av tiltak • kan reflektere over kva systematisk evaluering for kvalitetssikring i barnevernet har å seie |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |
| Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program? | Emnet er ope for alle med studierett på masterprogrammet i barnevern. |
| Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning | Undervisninga skjer på to/tre samlingar à to/tre dagar. Det blir til saman gjeve 18 førelesingstimar og 12 timar seminar/gruppeorganisert undervisning. Det er venta at studentane set seg inn i relevant litteratur og arbeider aktivt i grupper. |
| Obligatorisk undervisningsaktivitet | Det blir lagt opp til ein skriftleg og munnleg presentasjon av eit gruppebasert arbeid. Rettleiing vil bli gjeve. Deltaking i gruppebasert oppgåve er obligatorisk. |
| Vurderingsformer | Heimeeksamen, 5 dagar. Talet på ord: 3000 (litteraturliste ikkje inkl.). |

| | |
|---------------------------------|--|
| Karakterskala | Ved sensur av emnet brukar ein karakterskalaen A til F. |
| Vurderingssemester | Vår Det er tilbod om eksamen i påfølgjande, undervisningsfrie semester. Studenten må ha bestått alle obligatoriske arbeidskrav i undervisningssemesteret. |
| Litteraturliste | Kjernelitteraturen for emnet utgjer ca. 1000 s. Litteraturlista vil vere klar innan 01.01. for vårsemesteret. |
| Emneevaluering | Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med UiB og Det psykologiske fakultetet sitt kvalitetssikringssystem. |
| Emneansvarleg | HEMIL-senteret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og emnet. |
| Administrativt ansvarleg | Det psykologiske fakultet v/ HEMIL-senteret har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet. |
| Kontaktinformasjon | Informasjonssenteret: studierettleiar.psyfa@uib.no Tlf. 55 58 27 10 |

| | |
|----------------------------------|---|
| Emnekode | HABA302 |
| Namn på emnet | Fordjuping i metode, etikk og prosjektplan. |
| Studiepoeng, omfang | 10 studiepoeng. |
| Studienivå (studiesyklus) | Master. |
| Fulltid/deltid | Fulltid. |
| Undervisningsspråk | Norsk, somme førelesingar kan vere på engelsk. |
| Undervisningssemester | Vår |
| Mål og innhald | Emnet skal gje studenten utdjupande kunnskap om kvalitativ eller kvantitativ metode og forskingsetiske prinsipp. Studentane skal fordjupe seg i ein av dei to metoderetningane. Emnet skal setje studenten i stand til å planleggje og gjennomføre eit sjølvstendig forskingsarbeid gjennom masteroppgåva. |
| Læringsutbyte | <p><i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i></p> <p><i>Kunnskapar:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • har inngåande kunnskap om forskingsetiske prinsipp, prosedyrar og krav til framgangsmåtar ved forskning • har særleg innsikt i forskingsetiske aspekt knytt til utsette grupper <p><i>Ferdigheiter:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan kritisk reflektere over eiga rolle i forskingsprosessen med særleg fokus på etiske utfordringar knytte til datainnsamling og rapportering • kan utforme prosjektplan i tråd med gjeldande retningslinjer og krav <p><i>Generell kompetanse:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan analysere relevante forskingsetiske problemstillingar |

| | |
|--|--|
| | <ul style="list-style-type: none">• kan under rettleiing gjennomføre eit forskings- eller utviklingsprosjekt i tråd med gjeldande etiske standardar og retningslinjer <p><i>Studenten skal ved avslutta emne, om vedkomande har vald fordjuping i kvalitativ metode ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i></p> <p><i>Kunnskapar:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none">• har inngåande kunnskap om ulike metodar for innsamling av data• har inngåande kunnskap om kvalitativ analyse• har inngåande kunnskap om sentrale kvalitetskriterium for analyse og rapportering av kvalitative data <p><i>Ferdigheiter:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none">• kan utforme forskingsspørsmål som er eigna for kvalitativ forskning• kan analysere eit kvalitativt datamateriale• kan gjere greie for metodisk framgangsmåte samt prinsipp for rapportering og drøfting av funn i tråd med gjeldande kvalitetskriterium <p><i>Generell kompetanse:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none">• kan ta forskingsstrategiske val knytt til utforming og gjennomføring av eit avgrensa forskings- eller utviklingsprosjekt• kan kritisk vurdere kvalitet og relevans av forskning som kunnskapsproduksjon, samt vitskapen sine høve og avgrensingar, rolle i samfunnet og ansvar for korleis den blir brukt <p><i>Studenten skal ved avslutta emne, om vedkomande har vald fordjuping i kvantitativ metode ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i></p> <p><i>Kunnskapar:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none">• har god kunnskap om operasjonalisering, |
|--|--|

| | |
|---|---|
| | <p>standardiserte måleinstrument, skalaar og indeksar</p> <ul style="list-style-type: none"> • har inngåande kunnskap om føresetnader for slutningsstatistikk • har inngåande kunnskap om univariate, bivariate og multivariate analysar <p><i>Ferdigheiter:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan utforme forskingsspørsmål som er eigna for kvantitativ forskning • kan bruke programvare for statistisk databehandling • kan gjennomføre adekvate statistiske analysar av data • kan tolke og rapportere resultat av statistiske analysar • kan gjere greie for metodisk framgangsmåte samt prinsipp for rapportering og drøfting av funn i tråd med gjeldande kvalitetskriterium <p><i>Generell kompetanse:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan ta forskingsstrategiske val knytt til utforming og gjennomføring av eit avgrensa forskings- eller utviklingsprosjekt • kan kritisk vurdere kvalitet og relevans av forskning som kunnskapsproduksjon, samt vitskapen sine høve og avgrensingar, rolle i samfunnet og ansvar for korleis den blir brukt |
| Krav til forkunnskapar | Ingen. |
| Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program? | Emnet er ope for alle med studierett på masterprogrammet i barnevern og helsefremjande arbeid og helsepsykologi. |
| Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning | Undervisninga er samlingsbasert, og skjer på to/tre samlingar, kvar på to/tre dagar. Det blir til saman gjeve 18 førelesingstimar og 12 timar seminar/gruppeorganisert undervisning. I tillegg kjem individuell og/eller gruppetilbakemelding på øvingsoppgåver, sjølvstudium og studenten sitt eige arbeid med oppgåver. |
| Obligatorisk undervisningsaktivitet | 3 øvingsoppgåver knytte til emnet sine læringsmål. Talet på ord 1200 på kvar oppgåve (litteraturliste ikkje inkl.). |

| | |
|---------------------------------|--|
| Vurderingsformer | Heimeeksamen, 5 dagar. Talet på ord: 3000 (litt. liste ikkje inkludert). |
| Karakterskala | Ved sensur av emnet brukar ein karakterskalaen A til F. |
| Vurderingssemester | Vår Det er tilbod om eksamen i påfølgjande, undervisningsfrie semester. Studenten må ha bestått alle obligatoriske arbeidskrav i undervisningssemesteret. |
| Litteraturliste | Kjernelitteraturen for emnet utgjer ca. 1000 s. Litteraturlista vil vere klar innan 01.01. for vårsemesteret. Norsk og engelskspråkleg litteratur. |
| Emneevaluering | Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med UiB og Det psykologiske fakultetet sitt kvalitetssikringssystem. |
| Emneansvarleg | HEMIL-senteret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og emnet. |
| Administrativt-ansvarleg | Det psykologiske fakultet v/ HEMIL-senteret har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet. |
| Kontaktinformasjon | Informasjonssenteret: studierettleiar.psyfa@uib.no Tlf. 55 58 27 10 |

| | |
|----------------------------------|--|
| Emnekode | MABARN351 |
| Namn på emnet | Mastergradsoppgåve. |
| Studiepoeng, omfang | 60 studiepoeng. |
| Studienivå (studiesyklus) | Master. |
| Fulltid/deltid | Fulltid. |
| Undervisningsspråk | Norsk, somme førelesingar kan vere på engelsk. |
| Undervisningssemester | Vår og haust |
| Mål og innhald | <p>Mastergradsoppgåva skal vere eit sjølvstendig arbeid der studenten skal ha høve til systematisk og kritisk analyse av ei problemstilling av relevans for barnevernet.</p> <p>Oppgåva skal skrivast som monografi, 80 sider (+/- 10 %). Det kan etter avtale med emneansvarleg og rettleiar skrivast ein vitenskapleg artikkel til fagfelleverdert tidsskrift. Masteroppgåva kan vere ein del av eit større forskingsprosjekt eller eit sjølvstendig arbeid.</p> |
| Læringsutbyte | <p><i>Studenten skal ved avslutta emne ha følgjande læringsutbyte definert i kunnskapar, ferdigheiter og generell kompetanse:</i></p> <p><i>Kunnskapar:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • har inngåande kunnskap om krav til form og innhald i ei samfunnsvitenskapleg akademisk oppgåve • har inngåande kunnskap om sentrale omgrep, teori og forskning relatert til tema for masteroppgåva • har inngåande kunnskap om forskningsetiske retningslinjer • har inngåande kunnskap om metodisk framgangsmåte for innhenting og analyse av data • har inngåande kunnskap om presentasjon og diskusjon av forskingsresultat • har inngåande kunnskap om kvalitet i forskning <p><i>Ferdigheiter:</i></p> <p>Studenten...</p> |

| | |
|---|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> • kan formulere eit forskingsspørsmål med relevans for barnevernet sitt fagfelt og kunne plassere denne i ei teoretisk og forskingsmessig ramme • kan beskrive val av forskingsdesign og diskutere sterke og svake sider i høve til problemstillinga • kan gjere greie for undersøkinga si validitet/truverde, reliabilitet/påliteleg grad og grad av generaliserbar/overførbar metode • kan systematisere, analysere, presentere data på ein nøyaktig og oversiktleg måte • kan diskutere egne resultat i høve til relevant teori og forskingslitteratur • kan diskutere implikasjonar av egne funn for forskning og/eller praksis i barnevernet <p><i>Generell kompetanse:</i></p> <p>Studenten...</p> <ul style="list-style-type: none"> • kan søkje etter/finne, vurdere og presentere forskning av relevans for barnevernet • kan bruke og gjere greie for forskningsetiske prinsipp • kan presentere litteratur- og sitattingar på ein etisk korrekt, konsekvent og oversiktleg måte |
| Krav til forkunnskapar | Emna MABARN314, MABARN 315, HABA301, MABARN 312, HABA302 og valfritt emne skal vere gjennomførte og bestått før MABARN 351 kan byrjast på. |
| Er emnet ope eller er det reservert for studentar på bestemte program? | Emnet er ope for alle med studierett på masterprogrammet i barnevern. |
| Undervisningsformer og omfang av organisert undervisning | Kvar student skal ha ein fagleg rettleiar. Det skal skrivast rettleiingskontrakt mellom student og rettleiar samt instituttletiar. Det blir gjeve retningslinjer for rettleiinga som spesifiserer studenten og rettleiaren sitt ansvar og rettar. Studenten har rett på totalt 40 timar med rettleiing. Dette kan gjevast individuelt og i gruppe. Det vil bli arrangert masterseminar. |
| Obligatorisk undervisningsaktivitet | Oppgåva skal byggje på ein godkjent prosjektplan som er utforma i samarbeid med rettleiar. Prosjektplanen skal vere på 8 -10 sider og skal gjere greie for prosjektet sin teoretiske og empiriske bakgrunn, temaområde, problemstilling, metodeval og framgangsmåte, databehandling eller analyseform samt forskningsetiske vurderingar. Prosjektplanen skal normalt leverast for godkjenning seinast i løpet av det 2. semesteret i studiet. Det er utarbeidd egne retningslinjer for prosjektplan og masteroppgåve [lenke]. |

| | |
|--------------------------------|--|
| | <p>Rettleiingskontrakt blir signert og levert studiekoordinator normalt innan 15. juni (slutten av 2. semester).</p> <p>Det er obligatorisk frammøte på eit masterseminar per semester. Obligatorisk å leggje fram eige arbeid.</p> |
| <p>Vurderingsformer</p> | <p>Den ferdige masteroppgåva skal leggjast fram for rettleiar før innlevering. Masteroppgåva skal vurderast som eit forskingsarbeid.</p> <p>Masteroppgåva blir vurdert av ein kommisjon med minimum to og maksimum tre medlemmer. Kommisjonen skal bestå av ein intern sensor samt ein ekstern sensor, som ikkje er tilknytt masterprogrammet. Minst eitt medlem av kommisjonen skal ha førstestillingskompetanse. Rettleiaren til kandidaten skal ikkje vere medlem av kommisjonen.</p> <p>Kandidaten sin rettleiar kan gjere framlegg om medlemmer til kommisjonen. Psykologisk fakultet utpeikar kommisjonen etter å ha vurdert om kommisjonen er forsvarleg samansett.</p> <p>Det blir arrangert ei munnleg høyring knytt til masteroppgåva sitt tema, metode- og litteraturval. Masteroppgåva dannar hovudgrunnlaget for karakterfastsetjinga, medan den munnlege høyringa har ein justerande funksjon.</p> <p>I sensurmøte før munnleg høyring blir det gjeve førebels karakter på grunnlag av det skriftlege arbeidet. Dette må vurderast som bestått for at det skal gjevast høve til å gå vidare til munnleg høyring. Endeleg karakter som skal stå på vitnemålet, blir fastsett etter munnleg høyring.</p> <p>Om oppgåva blir vurdert som ikkje bestått skal kandidaten få varsel om dette seinast 48 timar før planlagt munnleg høyring.</p> <p>Det er i utgangspunktet ikkje høve til å levere inn same masteroppgåve fleire gongar. Om ein student ønskjer å framstille seg til ny eksamen og basere oppgåva på same tema, må kandidaten:</p> <ol style="list-style-type: none"> a. stille og gje svar på nye problemstillingar, og/eller b. trekkje inn nye kjelder/data, og/eller c. gjere ei radikalt endra analyse og drøfting av problemstillingane/empirien. <p>Studenten må søkje undervisningsutvalet ved HEMIL-senteret om å framstille seg til ny eksamen. I søknaden skal studenten gjere greie for dei endringane han/ho planlegg å gjere i oppgåva.</p> |

| | |
|---------------------------------|--|
| Karakterskala | Ved sensur av emnet brukar vi karakterskalaen A til F. |
| Vurderingssemester | Vår og haust |
| Litteraturliste | Sjølvstendig litteraturval knytt til tema for oppgåva. Studentane vil få tilgang til program for analyse av datamateriale, t.d. SPSS, NVivo eller Open Code. |
| Emneevaluering | Studentane skal evaluere undervisninga i tråd med UiB og Det psykologiske fakultetet sitt kvalitetssikringssystem. |
| Emneansvarleg | HEMIL-senteret har ansvar for fagleg innhald og oppbygging av studiet og for kvaliteten på studieprogrammet og emnet. |
| Administrativt ansvarleg | Det psykologiske fakultet v/ HEMIL-senteret har det administrative ansvaret for emnet og studieprogrammet. |
| Kontaktinformasjon | Informasjonssenteret: studierettleiar.psyfa@uib.no Tlf. 55 58 27 10 |

| | | |
|--------------------------------|---|------------------------|
| Course code | MABARN316 | Elective course |
| Course title | Childhood and parenting in diverse contexts | |
| ECTS credits | 10 ECTS | |
| Level of study | Master | |
| Full-time/part time | Full-time | |
| Language of instruction | English | |
| Semester | Spring semester | |
| Place of instruction | University of Bergen | |
| Objectives and content | <p>The aim of this course is to examine the child, childhood and parenting in different societies and cultures, both in the North and the South. Historical and cross-cultural perspectives on parenting and childhood are explored, rights based perspectives, and children's own understandings. In light of the above, we also focus on the consequences of migration for children and families, and address society's responsibility for children and parents' well-being in an increasingly globalized world.</p> | |
| Learning outcomes | <p>On completion of this course the students should have the following learning outcomes defined in terms of knowledge, skills and general competence:</p> <p><i>Knowledge:</i> The student...</p> <ul style="list-style-type: none"> • has in depth knowledge of and insight in different analytical perspectives on the child, childhood and parenting • has in depth knowledge of and insight in cross-cultural and social diversity in family structure, child rearing and up-bringing • has in depth knowledge of and insight in challenges related to migration and mobility both for children and their families and for various providers of social services <p><i>Skills:</i> The student...</p> <ul style="list-style-type: none"> • can discuss and compare children's lives and the position of children in different cultural settings • can critically assess children as subject of rights in different societies • can through a written assignment demonstrate ability to identify and reflect on a topic relevant for problems of diversity in the study of childhood and parenthood <p><i>General competence:</i> The student...</p> | |

| | |
|--|--|
| | <ul style="list-style-type: none"> • can demonstrate increased understanding of variety and diversity in family life and family living • are able to critically reflect on the question of private versus public responsibility for children's wellbeing • can demonstrate ability to communicate ethical challenges arising at the intersection of understanding culturally diverse practice and children as subjects of own individual rights |
| Required previous knowledge | None |
| Access to the course unit | For students admitted to master programmes at the Dept. of Health promotion and Development. International exchange students at the Faculty of Psychology may apply. |
| Teaching methods and extent of organized teaching | The course consists of a mixture of lectures and seminars/discussions and group/individual supervision. Students are required to participate in group work on assigned topics. 18 hours of lectures, 12 hours of seminars/group based work, essay writing (tutored) and individual study hours. |
| Compulsory assignments and attendance | Oral presentation at a seminar. Compulsory attendance in lectures and group work |
| Forms of assessment | The assessment takes the form of a written assignment, an essay, 4000 words, references not included |
| Grading scale | The grading scale used is A to F. Grade A is the highest passing grade in the grading scale, grade F is a fail. |
| Assessment semester | Spring semester |
| Reading list | Core literature for the course comprises appr. 1000 p. The reading list will be available by 1 st of December for the autumn semester. |
| Course evaluation | Student evaluations during and after the course. |
| Programme board | The programme committee at the department level, Department of Health Promotion and Development, Faculty of Psychology, is responsible for the academic content, the structure and the quality of the course. |
| Course coordinator | Department of Health Promotion and Development |
| Course administrator | Department of Health Promotion and Development, Faculty of Psychology, is responsible for the administration of the programme. |
| Contact information | The information centre: E-mail: studierettleiar.psyfa@uib.no Telephone: +47 55 58 27 10 |

| | | |
|--------------------------------|--|------------------------|
| Course code | HEFR342 | Elective course |
| Course title | Resource approaches to health and wellbeing | |
| ECTS credits | 10 ECTS | |
| Level of study | Master | |
| Full-time/part time | Full-time | |
| Language of instruction | English | |
| Semester | Spring semester | |
| Place of instruction | University of Bergen | |
| Objectives and content | <p>This course unit introduces and explores various approaches to the understanding of health and wellbeing, including the definition of health and the development of health. While including health definitions from the biomedical field, the course is grounded in the field of health promotion and has a main focus on positive, holistic and resource approaches to health. Concepts such as salutogenesis and resilience are central parts of the course content. The students will learn to critically appraise various approaches to health. Students will also learn to analyse consequences of various approaches to health for practice within their own disciplines.</p> | |
| Learning outcomes | <p>On completion of this course the students should have the following learning outcomes defined in terms of knowledge, skills and general competence:</p> <p><i>Knowledge:</i> The student...</p> <ul style="list-style-type: none"> • has advanced knowledge of various definitions of health, with focus on the dimensions <i>positive vs negative</i>, <i>subjective vs objective</i>, and <i>value-laden vs value free</i>. • has in-depth knowledge of various theories and conceptual frameworks with a resource perspective, focussing on the development of health versus the prevention of disease. • has thorough understanding of approaches to applying resource perspectives to health in practice. <p><i>Skills:</i> The student...</p> <ul style="list-style-type: none"> • can contrast and critically appraise various approaches to health definition and health development • can critically analyse the consequences of applying given health understandings to particular situations. • can on a theoretical basis, choose a relevant approach to health for various situations met in practice within their own discipline. • can analyse cases from a resource perspective. | |

| | |
|--|--|
| | <p><i>General competence:</i> The student...</p> <ul style="list-style-type: none"> • can coherently communicate ideas concerning health and wellbeing both in written work and in verbal communication • can collaborate professionally in project groups • can analyse and apply theories of knowledge relevant for health and wellbeing as an academic field |
| Required previous knowledge | Students applying to this course should have some previous knowledge of resource approaches such as salutogenesis and/or resilience. |
| Access to the course unit | For students admitted to the master programmes at the Department of Health Promotion and Development. International exchange students at the Faculty of Psychology may apply. |
| Teaching methods and extent of organized teaching | Lectures Problem-Based Learning Groups (PBL) Required reading |
| Compulsory assignments and attendance | Participation in PBL groups Annotation of three self-selected papers from the required reading list |
| Forms of assessment | Course paper of 3000 words +/-10% in which the student explores the relevance of the course content for a situation related to own practice or discipline. |
| Grading scale | The grading scale used is A to F. Grade A is the highest passing grade in the grading scale, grade F is a fail. |
| Assessment semester | Spring semester |
| Reading list | The reading list will be available by 1 st of December for the spring semester. |
| Course evaluation | The course will be evaluated by students and faculty and evaluations will be openly available as is standard University of Bergen practice for quality assurance. |
| Programme board | The programme committee at the department level, Department of Health Promotion and Development, Faculty of Psychology, is responsible for the academic content, the structure and the quality of the course. |
| Course coordinator | Department of Health Promotion and Development |
| Course administrator | The Faculty of Psychology is responsible for the administration of the programme. |
| Contact information | The information centre: E-mail: studierettleiar.psyfa@uib.no Telephone: +47 55 58 27 10 |